

# Årsmelding for Norsk visearkiv 2012

## 1.1 NORSK VISEARKIV

Norsk visearkiv er eit nasjonalarkiv og eit kompetansesenter for norske viser og norsk songtradisjon. Det er både ein forskingsinstitusjon med god kontakt med nasjonale og internasjonale forskingsmiljø og eit servicearkiv opent for publikum. Arkivet består av ei rekkje samlingar, delt inn etter media, og ein databasert katalog.

Arkivet held til i Henrik Ibsens gate 110 i Oslo og deler lokale med Norsk Jazzarkiv, Nasjonalbiblioteket og fleire andre institusjonar.

## 1.2 STYRE

I 2012 sat desse i styret for arkivet: Anne Cathrine Johansen (Noregs Ungdomslag), Jon Egil Brekke (Rikskonsertane), Liv Kreken Kvalnes, styreleiar (Norsk Viseforum), Tellef Kvifte (Norsk folkemusikksamling), Karen Rygh (MIC), Kyrre Kverndokk (Institutt for kulturstudier og orientalske språk, Universitetet i Oslo) og Jørn Simen Øverli (Musikernes fellesorganisasjon). Styret hadde to møter.

## 1.3 PERSONALE

Velle Espeland arbeidde som dagleg leiar i 80% stilling fram til august og deretter i 60%. Astrid Nora Ressem 100% som musikkfagleg ansvarleg. Elin Prøysen har arbeidd som edisjonsfilolog i 60% og Liv Kreken Kvalnes som arbeidande styreleiar i 60% stilling. I forbindelse med prosjektet *Upubliserte balladar* har edisjonsfilolog Ellen Wiger vore ansatt i 60% og professor Olav Solberg i 30%. Maren Dahle Lauten var tilsett i 100 % stilling som edisjonsfilolog mellom februar og juli.

## 1.4 ØKONOMI

I 2011 fekk vi ei løyving på driftsmidlar frå Norsk kulturråd på 1 775 000,- I tillegg mottok me prosjektmidlar frå kulturrådet og private stiftelsar på tilsaman kr. 1 225 000,- Rekneskapen er ført av Mortensen Regnskapsservice og revidert av revisor Terje Voll.

## 2. ORDINÆR VERKSEMD

### 2.1 SERVICEVERKSEMD

Norsk visearkiv hadde i underkant av 1000 henvendelsar frå publikum i 2012. Henvendelsane kjem både på telefon, e-post og me tek også i mot besøkande til arkivet. Me arrangerar også omvisning på arkivet til større grupper.

### 2.2 SAMLINGAR OG KATALOG

2.2.1 Visearkivets gamle katalog blei i 2009 konvertert og bygd opp med nye katalogiserings- og søkerutiner. I 2011 og 2012 har me katalogisert mykje av materialet som kom inn både i 2009 og 2010, men det står fortsatt att å katalogisere ein del av det me har liggjande.

2.2.2 Boksamlinga består av visebøker, bibliografiar, diskografiar, årbøker, tidsskift og ei

fagboksamling. Boksamlinga tel nå 3849 band.

Manuskriptsamlinga tel 284 nr og består av handskrivne visebøker, repertoarbøker, slagerbøker, forfattar- og komponistmanuskript. Dette er gåver og er uavhengig av budsjettet.

Skillingstrykksamlinga består av 880 trykk. Samlinga omfattar mesteparten av dei ”store” skillingsslagerane frå slutten av 1800- og byrjinga av 1900-talet.

Musikktrykksamlinga tel nå 914 trykk. Tilbodet av musikktrykk er stort, men vi har valt å konsentrere oss om viser, revyviser og norskspråklege slagerar.

CD-samlinga tel nå 3105 CD-ar og har auka med 117 i 2013.

Platesamlinga består av LP-plater. Vi har ei lita ukatalogisert samling av singelplater, men ingen 78-plater. Platesamlinga tel nå 978 plater. Tilgang på LP-plater er etter kvart svært liten.

Kassettsamlinga er ei samling av publiserte lydassetar. Dette er lydopptak som ikkje er publisert på plate. Samlinga omfattar 188 kassetar.

Spolebandsamlinga er vår samling av upublisert lyd. Det er konsertopptak, tradisjonsopptak og private opptak. Samlinga omfattar 165 aksjesjonsnummer og har ikkje auka på fleire år.

2.2.3 Registeret over enkeltviser (førstelineregisteret) har innførslar på tittel, førsteline, refreng, genre og emneord, forfattar, komponist og utøvar. Registeret, som inneheld tilvisingar til alle mediesamlingane ovanfor, er Norsk visearkivs viktigaste arbeidsreiskap og den mest omfattande visekatalogen i landet. Vi har dessverre ikkje kapasitet til å registrere enkeltviser frå alle arkiveiningar vi får inn. Dette registeret inneheld 71 800 i januar 2013, men kunne ha romma bortimot 150 000 referansar dersom me hadde hatt tid til å registrere alt.

### **3.0 PUBLIKASJONAR, KONFERANSAR OG FOREDRAG**

#### **3.1 PUBLIKASJONAR**

Som eit resultat av prosjektet *Upubliserte ballader* publiserte Norsk visearkiv i 2012 heile 70 bøker i serien *Norske mellomalderballadar, tekstar, vitskapleg utgåve*. Kvar bok består av ein balladetype med inntil fire versjonar, vitskapleg kommentert. Balladane vart publiserte på nettstaden [www.bokselskap.no](http://www.bokselskap.no) i samarbeid med Det norske språk- og litteraturselskap (NSL).

Dei tilsette ved arkivet har til saman skrive og publisert 108 blogginnlegg i 2012. Det er Elin Prøysen som har stått for mesteparten av desse.

#### **3.2 KONFERANSER, SEMINAR OG KURS**

Visearkivet har sjølv arrangert tre kurs og konferansar i 2012.

30 – 31 mai: Prosjektmøte vedr. Balladeprosjektet med ekskursjon i fotefara til kjende balladesamlarar i Bø i Telemark. Alle tilsette deltok.

24. oktober: I forbindelse med Visearkivets 30-årsjubileum arrangerte me *Seminar om mellomalderballadar* med innleiarar frå Norge, Sverige, Finland og Danmark. Alle tilsette deltok.

25.-26. oktober: Nordisk vokalmøte i Oslo. Tema: *Skriftlige og muntlige kilder*, Astrid Nora Ressem, Velle Espeland og Elin Prøysen deltok.

I tillegg deltok tilsette ved arkivet på følgende:

11. februar: Miniseminar «Å tolke Lindemannsoppskrifter» i tilknytning til Norsk Kvedarforums årsmøte. Astrid Nora Ressem deltok.

21.-23. mars: Seminar i norsk arkivnett og Norsk folkemusikklag: *Kulturarv og identitet - hva representerer samlingene våre, og hvorfor samler vi?* Astrid Nora Ressem deltok.

10.-13. mai: 47th International Congress on Medieval Studies, Western Michigan University, Kalamazoo, USA. Astrid Nora Ressem deltok.

9. - 11. Oktober: *Møde for musikketnologer og folkemusikforskere ved vise- og folkemusikkarkiver i Norden*. 2012. Tema: *Arkivernes rolle i forhold til innsamling av nutidig musikk, især populærmusikk og Tverrfaglige projekter i musikketnologi og folkemusikkforskning*. Dansk folkemindesamling, Det kongelige bibliotek. København. Velle Espeland deltok.

31.oktober- 2. november: Fagdagar og representantskapsmøte for Rådet for folkemusikk og folkedans. Astrid Nora Ressem deltok.

29 – 30.november: *Musikkarvkonferanse 2012 – Musikken og kildene*. Griegakademiet, Bergen. Velle Espeland og Liv Kreken deltok.

### 3.3 FOREDRAG

Astrid Nora Ressem heldt innlegget *Og han morede sig sjølv ved sin meddelelse – Sveigdalen, Lindeman og forskeren*. Miniseminar *Å tolke Lindemannsoppskrifter* i tilknytning til Norsk Kvedarforums årsmøte.

Astrid Nora Ressem heldt innlegget: *Norwegian Medieval Ballads: Variation and Stability in Music and Text*. I Kommission für Volksdichtungs session: *The Music of the Ballads I: Evolution and Variation*. På 47th International Congress on Medieval Studies, Western Michigan University, Kalamazoo.

Ellen Wiger, Elin Prøysen og Astrid Nora Ressem heldt innlegget: *Punktum eller fluelort? - om å transkribere balladeoppskrifter*. Seminar om mellomalderballadar, Norsk visearchiv, Oslo

Velle Espeland heldt innlegget: *Norsk visearchiv og balladane i vår tid*. Seminar om mellomalderballadar, Norsk visearchiv, Oslo

Olav Solberg heldt innlegget *«Det maa ansees som uvæsentligt enten Meddelelsen heder Per eller Paal», mente Lindeman. Kan vi lære noko av biografiane til dei gamle balladesongarane?* På seminar om mellomalderballadar, Norsk visearchiv, Oslo

Astrid Nora Ressem heldt innlegget: *Litterært eller muntlig blick?* på Nordisk vokalmøte i Oslo.

Velle Espeland heldt innlegget *Handskrivne visebøker og repertoar* på Nordisk vokalmøte i Oslo.

Velle Espeland heldt kort innlegg om arbeidet med ballademelodiar ved Norsk visearchiv på Musikkarvkonferansen, Bergen

### **3.4 ANNA FAGLEG**

Ellen Wiger har fire gonger heldt foredrag for studentar gjennom sitt stilling i bokselskap.no. Der har ho i stor grad vist fram og informert om arbeidet med visearkivprosjektet *Upubliserte ballader* sidan dette er det største prosjektet bokselskap hittil har formidla.

Astrid Nora Ressem sit i redaksjonsrådet til *Musikk og tradisjon: Tidsskrift for forskning i folkemusikk og folkedans*. Novus forlag. Både Ressem og Velle Espeland har vore vurderande fagfeller for vitskaplege artiklar.

Astrid Nora Ressem er også valgt inn i rådet for folkemusikk og folkedans for perioden 2012 – 2015 som ein av representantane for høgare utdanning, fag og forskning.

Astrid Nora Ressem skreiv i samarbeid med Øyvind Nordheim ved Nasjonalbiblioteket artikkelen: *Draumkvedet, Lindeman og Lammers* i forbindelse med markeringen av Ludvig Mathias Lindemans 200-årsjubileum. Publisert på Lindeman legats heimesider.

Elin Prøysen skreiv og publiserte artikkelen *Nittedalsmordet* på visearkivets nettsider.

Velle Espeland og Astrid Nora Ressem Skreiv ein artikkel om julesongar for bladet *Folkemusikk*.

## **4. SPESIELLE PROSJEKT**

### **4.1 BALLADEPROSJEKTET**

I september 2011 fekk me ei bevilgning over to år på til saman 1,2 mill. frå Norsk kulturråd til å arbeide med ukjende mellomalderballadar. Mesteparten av desse midlane vart inntekstført i 2012. I tillegg fekk me tilsagn på 100 000,- frå Fritt Ord som vart utbetalt i 2012 og 100.000,- frå Bergesens allmenntillegte stiftelse. I prosjektperioden har me leigd eit ekstra kontor i Stortingsgata 30 og dei ansatte vart auka frå 3 til 7 personar i delar av 2012. Prosjektet vart ferdigstilt ved at den siste av dei 70 balladane me fekk midlar til vart publisert i desember 2012.

### **4.2 BALLADEMELODIPROSJEKTET**

Visearkivet fekk i 2010 bevilga 300 000 frå Kulturrådet til eit bokverk med dei norske ballademelodiane, publisert av Norsk folkeminnelag. Fyrste bind kom ut i desember 2011 og det neste kjem etter planen ut hausten 2013. Verket vil til slutt omfatte fire band. Astrid Nora Ressem har brukt store deler av tida si på dette prosjektet også i 2012.

## **5. SOSIALE MEDIER**

Me har sendt ut tre nyheitsbrev i 2012 der me orienterer om aktuelle fagseminar, publikasjonar o.l. både i Noreg og utanfor landets grenser.

Visearkivet har også ein svært aktiv blogg der me skriv om smått og stort som opptek oss på Norsk visearkiv. <http://visearkivaren.blogspot.com/> Me får stadig tilbakemeldingar på at denne bloggen er godt nytta og brukarane er nøgde med at den er oppdatert og informativ. Alle dei tilsette bloggar og i 2012 la me ut til saman 108 blogginnlegg.

Visearkivet er også på twitter og facebook.

## 6. ANNA

Vilkår for framhald av drifta er til stades. Vi har ikkje grunn til å tru at drifta har negative miljøkonsekvensar. Arbeidsmiljøet er godt og likestillinga vert ivareteken både ved rekruttering til styret og i verksemda.

7. februar 2013

Liv Kreken Kvalnes  
Styreleiar

Velle Espeland  
Dagleg leiar

Jon Egil Brekke  
Styremedlem

Karen Rygh  
Styremedlem

Tellef Kvifte  
Styremedlem

Jørn Simen Øverli  
Styremedlem

Anne Cathrine Johansen  
Styremedlem

Kyrre Kverndokk  
Styremedlem